

Møtebok 3 – 24

for Moster Sokneråd

12.03.2024

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Elisabeth Jacobsen, Solveig Eikeland, Gerda Bondø, Aksel Lygre.
Desse møtte ikkje: Nils Otto Espeland

Sak 20 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 13.02.2024 og innkalling

Vedtak: Møtebok er godkjent. Innkallinga er godkjent med ei sak på ymse.

Sak 21 – 2024 Oppfølging av tidlegare saker

***Registrering av nytt sokneråd og overføring av mynde til ny kasserar.**

Vedtak sist møte: Kasserer må få nøkkel til Moster kyrkje. Kasserer får eit minibankkort knytt til soknerådet sin brukskonto. Leiar får tilgang til nettbanken.

Endring av vedtak:

Kasserar har fått nøkkel. Om kasserar får minibankkort er uavklart. Leiar skal ikkje ha tilgang til nettbank.

*Folk utanom soknerådet til ulike komitear. Me går gjennom kven som har svara kva

Desse har sagt ja til å vera i diakoniutvalet:

Sofie R. Johannessen

Solfrid Hjelland

Desse står vidare: Gerda Bondø, Nils Otto Espeland

Desse har sagt ja til å vera i trusopplæringsutvalet:

Turid Anglevik

Henriette Gjerde

Inger Marie Gjerde

Desse står vidare: Elisabeth Jacobsen, Christian Kallevåg-Bjercke

Kyrkjemusikalskutval: Dette kjem ein tilbake til i neste soknerådsmøte.

*Kontaktperson for transport og overnatting i samband med 1000-årsmarkeringa er Hans Magne Stokka.

*Kandidatar til klokkarstillinga
Dette vert arbeid vidare med.

***Temakveld 14.mars.**

Vedtak: Aksel Lygre leiar møte. Rune Sivertsen og Gerda Bondø tar ansvar for innkjøp og servering.

Sak 22 – 2024 KN-aksjonen 19.mars

Me gjer avtalar og fordeler oppgåver.

Vedtak: Elisabeth Jacobsen og Aksel Lygre møter på Salem 15.30.

Sak 23 – 2024 Årsmøte 21.mars.

Me fordeler oppgåver og tek grep for å få flest mogleg til å stilla.

Vedtak: Nestleiar leier møte.

Det skal veljast referent og to til å skrive under.

Kasserar presenterar rekneskapen og budsjett. Enkel servering. Fokus for samtalen vert 150-årsjubileum og feiringa av kristenretten.

Andakt og presentasjon av jubileet ved sokneprest, Aksel Lygre.

Sak 24 – 2024 Årsrekneskap for 2023

Vedtak: Soknerådet godkjenner årsrekneskapen.

Sak 25 – 2024 Konfirmantfest

Kven hjelper til praktisk? Kven leier festen og sit i komité med presten?

Vedtak: Soknerådet stiller med fire i komiteen. Aksel Lygre skaffar ein person til vera med seg i festkomitéen.

Sak 26 – 2024 Frå tiltaksplan: Dato for ungdomsgudsteneste til hausten.

Me samtalar også kort om korleis gudstenesta skal vera og kven som skal involverast.

Vedtak: Det vert ungdomsgudsteneste 24.november.

Litt idémyldring; spør unge i korpset, band frå Tensing, bønnevandring

Sak 27 – 2024 Me treng nye nattverdmedhjelparar

AU orienterer og legg fram forslag til namn.

Vedtak: Aksel Lygre spør dei føreslåtte kandidatane

Sak 28 – 2024 Ansvar for kyrkjekaffi og innkjøp av te, kaffi, kjeks m.m.

Vedtak: Solveig Eikeland tar ansvar for dette. Elisabeth Jacobsen har ansvar for å skaffe kaker til gudstjenester der ein treng litt ekstra.

Sak 29 – Innkjøp av vaskemaskin og diverse reingjeringsutstyr

Det er upraktisk og tungvint at kyrkjetenaren ikkje har naudsynte arbeidsreiskap til arbeidet.

Vedtak: Soknerådet ber fellesrådet om at det vert kjøpt inn ein solid vaskemaskin til reingjering av moppar.

Sak 30 – 2024 Referat og meldingar

Programkomité for 150-årsfeiringa:

Vårprogrammet vert følgd.

Orgelkomiteen:

Orgelkonsert i kyrkja, 14.april, der ein må selja billettar

Trusopplæringsutvalet:

Ikkje møte

Kyrkjemusikalsk utval:

Ingenting å melda

Diakoniutvalet:

Ingenting å melda

Estlandskomiteen:

Viser til årsmelding og rekneskap. Det har vore besøk frå Estland. Det er planlagt sommarleir i juli/august. Det har vore konsert der det kom inn over 43.000 kr

Felleskristen komité 1000 år:

Arbeidet er under planlegging og i god drift.

Fellesråd og administrasjon:**Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre:**

Ingen meldingar

Sak 32 – 2024 kommentar til soknerådsmøte i samband med medarbeidarsamling:

Ein må unngå at arrangement blir lagt for tett opp til kvarandre.